



HardingCamp

2017

No er det snart klart for årets klasseset. Me vonar du/de gler dykk til ei lita veke med fysisk fostring, sosial stimulans og alternativ læring. Me gler oss til å ta i mot dykk!

Utstysrliste

UTSTYRSLISTE:
Dagstursekk
Turbestikk
Kopp
Tallerken
Vassflaske/drikkeblære
Solkrem
Solbriller
Vindtette klede
Regntøy
Varme klede
Ekstra ullskift
2 par ekstra labbar
Godt fottøy (fjellskor eller solide joggesko)
Lue og vottar
Sovepose
Liggeunderlag
Fiskestang og fiskeutstyr (dersom du har dette)
Kniv (dersom du har dette)
Badebukse/badedrakt
Handduk
Toalettmappe
NB!
Dette er skjermfrie dagar. Telefon og andre tekniske dingsar legg ein att heime.
Det er eit poeng å freista å leva litt som i gamle dagar. Det vert i utgangspunktet ikkje tilrettelagt for dusjing.
Det er ikkje behov for lommepengar og ikkje snop. Me organiserer ei overrasking til laurdag kveld...
Det er viktig å pakka vasstett i plastposar
Det går fint an å pakka alt utstyret i bag dersom ein ynskjer det. Det er ikkje naudsynt å kjøpa inn stor sekk berre for dette høvet.

Trivnad og tryggleik

Me er alle del av eit felleskap kor det handlar om å gje kvarandre rom for gode og sosiale opplevingar. Opphaldet skal ha laus struktur innan dei rammene me har sett opp. Det er avgjerande at me saman klarar å gjera kvarandre gode. Me bur tett på kvarandre og forventar at me er smidige med kvarandre.

Difor har me sett opp nokre spelereglar som me ventar vert haldne:

- Ver høfleg og grei med kvarandre. Gjeld også språkbruk.
- Ver venleg å fylgja intstruksjonar som vert gjevne
- Bidra lojalt til felleskapen ved å utføra dei fellesoppgåvene som vert gjevne
- Ha det ryddig og fint omkring deg og kast bos der det skal
- Aktivitetsutstyr skal kun brukast i oppsett periode saman med instruktør
- Vis aktsemd og varsemd med dei gamle bygga på tunet. All bruk av eld er forbode.
- Bruk av rusmidlar er ikkje tillate!

Leiarane har lang røynsle innan friluftsliv og har gjennomarbeidd synfaring og tryggleiksvurderingar av fellesturer og aktivitetar elles. Me medbringar naudsynt tryggleiksutstyr, fyrstehjelpsutstyr og kommunikasjon. Me vonar de som foreldre lit på at ungdomane dykkar er i trygge hender. Ta kontakt dersom noko er uklart.

Meny

Frukost		Brød og pålegg, te og kaffe, havregraut, rosiner, sukker og kanel	Brød og pålegg, te og kaffe, havregraut, rosiner, sukker og kanel	Brød og pålegg, te og kaffe, havregraut, rosiner, sukker og kanel	Brød og pålegg, te og kaffe, havregraut, rosiner, sukker og kanel
Lunsj	Brødmat	Bondesuppe frå Sotalaus og krotakaker	Brødmat på Botnen	Niste	Niste
Middag	Pizza bakt i vedfyrte baksteomn	Gropakokt lammekjøtt	Tacorama	Grilling	

Gje beskjed om det er noko allergi eller intoleranse me treng ta omsyn til.



Storeteigen bygdemuseum i Øystese og Botnen er arena for Camp Hardanger

Velkomne til Camp Hardanger!



Mvh vertskap Storeteigen bygdemuseum
Kristin og AK Glück-Teigland
Tlf 91394506 / ak@bygdagnist.no